

LNK AVISA

NR 1 • 2007 • ÅRGANG 6

Frå blankett til nett



Den tradisjonelle blanketten er på veg ut. I dag er fokuset først og fremst på nettløysingar. Desse skal føra til at brukarane kan søkja på nett og følgja søknadsprosessar der.

• **Sjå s.17**



Hitra vindmøllepark. (Foto:Statkraft)

Kraftig estetikk

Vindkraft er ei satsing som er i medvind så vel som i motvind for tida. Medan vindkraftentusiastane heiar fram rein og fornybar energi, er motstandarane opptekne av konsekvensar for dyrelivet, tryggleiken og det visuelle i kystlandskapet. At vindkraftutbygging skal stoppast av omsyn til landskapsestetikk, meiner arkitekt Einar Berge blir for lettvind. Berge har sjølv vore med å utarbeidd planar for fleire vindmølleparkar og han seier det lar seg gjere å bygge parkar som harmonerer med landskapet.

• **Sjå s. 5**

Estetikk i kommune-Noreg:

Kven bestemmer korleis det skal sjå ut rundt oss?

Sjå s. 5-11

Ikkje svar



Ein av to får svar når dei vender seg til LNK-kommunar. I ei kartlegging utført for LNK-avisa kjem det fram at berre halvparten av kommunane som er spurde, vel å svara på tre enkle spørsmål på e-post. Ikkje godt nok, seier Jan Magne Dahle, leiar i LNK.

• **Sjå s. 18**

Mjolk, ikkje melk



Marknadsføring på nynorsk er eit bevisst val for Drageset-butikkane.

- Kundane skal vite at vi høyrer til her og ikkje i noko hovudkontor i Oslo, slår kjøpmann Paul Drageset fast.

• **Sjå s. 12-13**

ABC Startside

Vi gjer nettet nyttigare!

www.startsida.no

Årets kommunekonferanse
Trondheim 1. og 2. mars 2007

Sted:
Radisson SAS Royal Garden Hotel,
Trondheim

Arrangør:

KOMMUNEKREDITT

Regionalisering, sterk økonomisk vekst og full
sysselsetting gir store utfordringer
for kommunal sektor



Fullt program og påmelding på
www.kommunekreditt.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Den gode plassen

Der er det godt å vera. Og der det er godt å vera kjem det folk.

Uterommet, anten det er torget, skuleplassen, sjukeheimen eller barnehagen, har i det kommunale ordskiftet mest vore heilt fråverande. No merkar me at det i ein del kommunar er ein gryande debatt, men er me sikre på kva me vil når skuleplassen og torget eller kommunikasjonsknutepunktet skal utformast?

Inntrykket vårt er at mange kommunar no drøftar at dei vil har eit betre uterom, men korleis det skal sjå ut overlet me til nokre menn på teknisk etat.

Me meiner brukarane må involverast når dei fysiske omgjevnadane skal få eit innhald. Det er dei som vil tolka det som kjem, bruka det, og på den måten fremje målsettinga om å laga den gode plassen.

Barna er ikkje noko unnatak, meiner den norske kunsthistorikaren Svava Riesto. Ho meiner det viktigaste er å finna ut kva ein vil, framfor å spørje kva ein vil ha. Gjennom det kan du utnytta den kreativiteten barn og unge sit på, og erfaringar viser at svært mange gode løysingar kjem på plass.

Det er barna som sit på det største vitet når uteområdet i ein barnehage skal formast. Og det går an å laga arrangement sjølv om du ikkje finn det i ein katalog.

Då kan uteområdet i ein barnehage faktisk bli noko meir, ein møteplass også etter at barnas arbeidsdag er slutt.

Det gode namnet

Secora, eit nytt statleg selskap. Kva dei driv med? Det er eit spesialisert entreprenørselskap innan utbygging av sikring av hamner og skipsleier. Eit selskap som tidlegare var ein del av Kystverket.

Arcus, Mesta og Avinor. Alle nye namnekonstruksjonar som har kome dei siste åra, og som vitnar om ufatteleg dårlege rådgjevarar med liten fantasi.

Mest utruleg korleis husmannsånda får lov til å herja med nordmenn når det skal setjast namn på nye selskap.

Heldigvis ser me ikkje mange slike utslag i norske kommunar, men fantasien er ikkje spesielt stor. Og me er ikkje stor betre når namn skal setjast på bygg og anlegg.

Men det er dei som får det til. Haram kommune har sett Ingebigt Davik huset som namn på sitt kulturhus. Og Forsand kommune kallar sin kafe i kulturhuset sitt for Mulen.



"Vegkryss utan plan"

Tettstadutvikling

Om den gode tettstaden

Når du drar til sentrum i kommunen din for å handle, eller få gjort ulike ærend, så ønskjer du sikkert å finne ein stad å sette deg ned, kjøpe noko mat og drikke ein kopp kaffi, treffe kjente og slå av ein prat. Eller rett å slett ta ein kvil på ein av benkane i kommunesenteret. Du ønskjer å finne ein fin plass, i ein park, på kaien eller i solveggen på torget. Det du søkjer er ein hyggeleg stad i ditt eige kommunesentrum, ein stad som innbyr til å oppleve at du kjenner deg som ein del av det sosiale laget i din eigen kommune. På kveldane kan du kanskje tenkje deg å finne ein pøb eller klubblokale der eit meir kveldssosialt liv kan finna stad.

Men kommunesenteret skal også vera gjestestova og det opne rommet for dei som besøker kommunen. Du skal kunne vere stolt av å møte gjester i komunesenteret ditt. Du skal skryte og sei, har vi det ikkje fint her. Bygdebyen og tettstaden til kommunen er identiteten til der du bur, det er merkevara for din heimstad gjerne saman med flott natur.

I Noreg har vi lenge vore flinke til å halda omgjevnader fine rundt huset vi bur, og vi brukar mykje pengar på eigen heim, både ute og inne. Men sidan midten av 1990-talet har mange norske kommunar sett at det er ikkje nok med å berre ha fine bustadfelt, flotte skular og gode sjuke- og aldersheimar. For at folk skal trivast å bli buande, vert det stendig viktigare at kommunen held seg med både torg, møteplassar, leikeplassar, hyggelege handlegater med kafear og andre servicetilbod.

Med andre ord; kommunesenteret må bli attraktivt for alle. For å få dette til kan næringsliv, organisasjonar og kommunen gå

saman for å bygge den fine og gode staden. Bygdebyar som har gjort dette med hell, har opplevd at kommunen får ein ny giv, handelsnæringa vert styrka, og butikkane får ny tru på drift og betre omsetning. Ungdom finn møteplass på kafeen, turisten stoppar om sommaren, kaien vert brukt til småbåtar, og kanskje dukkar det opp ny næring som finn det interessant å etablere seg i ein kommune som viser engasjement og vilje til ny aktivitet og kreativitet.

I dag er det mange verkemiddel som kan brukast i arbeidet for å få til ein snuoperasjon. I fylkeskommunen er det både kompetanse og finansiering å hente, Husbanken er i full sving med å verta ein aktør på feltet tettstadoppusting, Riksantikvaren har verdiskapingsprogram for tettstadutvikling, Miljøverndepartementet har gjennom Kommunenes Sentralforbund starta opp programmet Livskraftive kommunar, Norsk Form har arkitektur og design som arbeidsområde og kan vera medhjelpar i kommunar for å starte utviklingsprosjekt. Innovasjon Norge har mange program for å hjelpe fram næringsutvikling og dei driftar også programmet Bygdebyggeren for Landbruksdepartementet som rettar seg mot ungdom som vil starte opp småbedrifter.

Mykje er blitt gjort dei sist 15 åra i kommunenoreg, men enno står det mange utfordringar att. Kommunalministeren ønskjer stor satsing på å skape vakre bygder og tettstader, møteplassar for alle, der både kultur og næring kan bløma. Så finn ut kva skal til for at din kommune skal få den mest attraktive tettstaden i regionen. Satsar kommunen på det, vil den verta ein vinnar.

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Toyni Tobekk
Ragnhild Margretha Taranger
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Marie Hauge
Tiril Rem

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:

lnk-avisa@norsk-plan.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller lnk-avisa@norsk-plan.no

Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan
30/3, 8/6, 7/9, 19/10, 7/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(248x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no

KRONIKKFORFATTAREN

JON LÅTE

Seniorrådgjevar regionalpolitisk
avd. Kommunal-og regionaldep.
Er arkitekt med tettstadutvikling
som arbeidsfelt.



Å KRYSSA EIN FJORD



Å SLÅ EIN TUNNEL Å BYGGJA EIN VEG

Betre kommunikasjonar kan føre til den store skilnaden for kommune-Noreg

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter, og aleine eller i lag med andre finansieringskjelder hjelper me til med finansiering av offentleg infrastruktur.

låneopptak • finansstrategiar • samansetning og styring av låneportefølje
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering •
bompengefinansiering

KOMMUNEKREDITT

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no
www.kommunekreditt.no



Landssamanslutninga
av nynorsk kommunar (LNK)

•
P.B 7044

St. Olavs plass
0130 Oslo

•
www.lnk.no

•
lnk@online.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:

Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Sølfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fjordline
Kommunalbanken

Høviske ord

I LNK si årsmelding frå 2003-2004 står det:

”Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) arbeider ut frå at språket er ein viktig del av identitets- og nasjonsbygginga i Noreg. Ideen er at dersom dei to målformene våre får høve til å utvikla seg side om side og på like vilkår, har me lagt grunnlaget for ein språkleg dynamikk som kan skapa kulturell vekst og sjølvkjensle i heile landet.”

Dersom eg framleis, etter ei slik opning, har nokre lesarar med meg, vil eg understreka at me ikkje har kome så langt i Noreg enno. Ein føresetnad for at dei gode orda i årsmeldinga skal kunna ”skje fyllest”, er at dei to, i prinsippet jamstilte språkløyane, respekterer kvarandre.

Dei viktigaste språklege rollemodellane våre er journalistar, forfattarar og lærarar. Lærarane får me ha til gode til seinare, dei fortener ei spalte eller ti åleine...

Mitt inntrykk er at journalistar som ønskjer å bruka nynorsk og/eller bokmål, respekterer kvarandre, medan aviseigarar, som på styreromet avgjer at nynorskjournalistane skal skriva på fleirtalsspråket, respekterer språklege og journalistiske kvalifikasjonar så lenge dette ikkje trugar inntekspotensialet. I valet mellom journalistiske kvalifikasjonar og integritet på den eine sida, og økonomisk avkastning på den andre sida, ser valet ut til å vera lett for dei same styremedlemene. I dag representerer slike styre ofte opplagstaparane i norsk presse. Språkfred vere med dei.

Mellom forfattarane er det annleis: I sist veke vann Kjartan Fløgstad P2-lyttarane sin litteraturpris for 2006,

med boka ”Grand Manila”. På andre og tredje plass kom Dag Solstad og Ragnar Hovland. Lesarane avgjorde altså at to nynorskbøker skulle vera mellom dei tre gjevaste.

Samstundes slit nynorsken i skulen. I bynære område kan det sjå ut som om nynorsk mellombels tapar mot presset frå fleirtalskulturen. Eit kunstig, men materialistisk og sosialt vellukka ”byideal”, vert stilt opp, lokkande ved sigerspallen. For språk er så mykje meir enn ord, stil og syntaks. Språk er eit heilt sett av verdiar og, ikkje minst, eit sett av fordommar. I nokre leirar er det fordommane som står sterkast. Dei fordummande fordommane: Vekk med dei som har andre uttrykk enn oss, vekk med dei som har andre meiningar enn oss, vekk med dei som er annleis enn oss; det er hårfine grenser her. Det er ikkje meir enn fire år sidan kommunevalkampen, der Unge Høyre i hovudstaden Oslo (sic) og i nynorskfylket Hordaland (!) brende nynorske lærebøker.

Eit alternativ syn er å rekna språk som eit reint praktisk kommunikasjonsmiddel – og berre det. Det kan sjå ut som om denne måten å tenkja på har vunne terreng dei siste åra – også i nokre av dei politiske partia. Dersom me verkeleg meiner dette, er det berre å kjøpa inn siste utgåve av Webster’s book med det det same.

Norsk kultur og norsk nasjonsbygging hadde vore fattigare utan norske, danskspråklege forfattarar: Eg ville ikkje ha vore utan Henrik Wergeland og Henrik Ibsen. Norsk språk hadde vore fattigare utan bokmålet: Eg ville ikkje ha vore utan Torborg Nederaas, Arthur Omre, Arild Nyquist eller Kjell Askildsen. Norsk språk hadde vore fattigare utan nynorsken: For eg ville

slett ikkje ha vore utan Olav Duun, Olav H. Hauge, Kjartan Fløgstad, Haldis Moren Vesaas eller Ragnar Hovland.

Det fantastiske er at alle desse, som står mange språkml frå kvarandre, byggjer på kvarandre, stel frå kvarandre, samstundes som dei utvidar og utviklar språket vårt for kvar tekst dei skreiv/skriv.

Eg er ikkje redd for årsmeldingane som kjem.



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Notis

Nye bygg oydsjar energi

I 1997 uttalte styresmaktene at energibruken i nybygg måtte reduserast med 20 prosent. Ti år seinare brukar til dømes nybygde kontorbygg meir energi enn tilsvarande bygg frå 1930. Enova meiner ukritisk og uriktig bruk av glasfasadar må ta mykje av skulda, melder Teknisk Ukeblad. Varmetapet i ein glasvegg er ifølgje Enova fem til seks gonger høgare enn i ein tilsvarande isolert vegg. Dei nye energiforskriftene for bygg som er på veg vil by på utfordringar for arkitektane, og Enova meiner det må ein skjerp kontroll til for å sjå til at forskriftene blir tatt alvorleg.

Også arkitektane ser positivt på slike nye forskrifter. Sivilarkitekt NAL Margrete Maisey meiner likevel at det ikkje berre er arkitektane som har ansvaret for rett materialbruk og energieffektivisering, men at også byggherren må ta sin del av ansvaret.

Ingvar Moe heidra i barndomsbygda

Forfattar, diktar og kåsør Ingvar Moe, ville ha fylt 70 år i desember og i det høve hadde Etne kommune ei markering av dagen med ulike innslag. Laurdag 9. desember vart Ingvar Moe heidra i heimkommunen, og ei statue laga av Vidar B. Mæland vart avduka av sonen Bjørn Erik Moe i Etne sentrum.

Fotoutstilling, to kabaretar i regi av 6.-8. klasse og Ungdomslaget UL Fram var noko av tilbodet denne dagen. I tillegg til framsyningar var det lagt opp til føredrag av mellom anna Per Olav Kaldestad ”slik me såg han, og slik me ser han”, Ola E. Bø med ”Løktastolpefrø og språkblomar” der dei delte av sine erfaringar med dikteren. Forfattarkollega og forlagskonsulent i Samlaget, Einar Økland fortalde og korleis Ingvar Moe var å jobba med.

Ingvar Moe debuterte i 1975 med diktsamlinga Løktastolpefrø, som han fekk debutantprisen til Tarjei Vesaas for. Ingvar Moe skreiv dikt, romanar, ungdomsbøker, kåseri og skodespel. I tillegg skreiv



Kirsten Markbus (t.b) las opp dikt av Ingvar Moe før bysten av forfattaren vart avduka i Etne laurdag 9. desember 2006. Frå ventre ordførar Amund Enge og Bjørn Erik Moe, som avduka bysten av faren. (Foto: Einar Schibevaag)

han og lærebøker for barneskulen og omsette barnebøker frå andre språk til nynorsk. Moe vart fødd i Etne 11. desember i 1936 og døydde i 1994.

Vindmøller

- døden for landskapet?



Kor stor ei vindmølle er, kan kanskje dette biletet gje eit inntrykk av: Her er det ei vengje, eller eit rotorblad, som blir frakta til montering. (Foto: Norsk Plan)

Det er idiotisk å la vindmølledebatten bli ein diskusjon om estetikk, har Bellona sagt. Men kjenslene er sterke og meiningane mange om kor me skal ha vindmøller og korleis det skal sjå ut.

TOYNI TOBEKK

- Det er naturleg og rimeleg at folk er uroa for estetikken i landskapet når det blir planlagt vindmølleparkar rett utanfor stovedøra deira, meiner landskapsarkitekt Einar Berg ved arkitektkontoret Inter Pares i Bergen. Berg har arbeid med heile 30 vindmølleparkar, og meiner det finst mange måtar å planleggje parkar på slik at dei ikkje øydelegg det visuelle i kulturlandskapet.

- Utfordringa i Noreg er at me byggjer veldig store parkar med mange og store møller. Det gjer det vanskeleg å forme parkane etter gode estetiske prinsipp.



Vindkraftanlegget på Smøla er det største landbaserte vindkraftverket i Europa, ifølgje Statkraft. Anlegget består av 68 vindmøller og det produserer straum som svarar til gjennomsnittet av 22.500 norske busstandar. Smøla Vindpark har vore i drift sidan 2002. (Foto: Statkraft)

Smøla og Hitra som vindmøller med flott utsjåande.

- Her har ein valt ein ganske lekker mølledesign med smekre tårn og møllehattar.

VINDMØLLER I HAVET

Vindmøller finst heller ikkje berre til lands. Det ligg føre fleire planar om å byggje vindmølleparkar til havs, og eitt av argumenta for slike havparkar er nettopp å redusere konfliktpotensialet i høve lokalbefolkning og kulturlandskap. Men kystfolket er skeptiske.

- Det kan ein godt forstå, seier Berg.

- Folk langs kysten er vande til å ha blikket vend mot havet. Ein vindmøllepark på sjøen kan lett opplevast som svært massiv, då han ikkje har noko landskap å skjule seg bak.

Førebels er det heller ikkje gitt konsesjon til havparkar, men NVE har ein søknad frå selskapet Havsul as til handsaming. Dei har søkt om konsesjon til tre vindmølleparkar til havs utanfor Mørekyten. Blir dei realiserte, vil dei utgjere verdas største vindmøllepark.

MÅ FORANKRAST I LANDSKAPET

Men det lar seg gjere, seier arkitekten vidare. Sjølv har han blant anna vore med og planlagt Skallhalsen vindpark utanfor Vadsø.

- I Skallhalsen tykkjer eg at ein har planlagt noko som ser riktig bra ut. Her er vindmøllene plasserte enkelt og symmetrisk.

Berg peiker på at det er viktig å ha forankring i landskapet når ein plasserer vindmøller.

- Ein må følgje linjedraga og topografien og ikkje bryte med eigenarten i landskapet.

Store buffersoner til nærmaste busetjing er og naudsynt for at folk ikkje skal oppleve å få ein vindmøllepark «inn i stova».

- Ein til ein og ein halv kilometer til nærmaste husvegg er ei minimumsklarering, seier Berg.

PENGANE STYRER

Sjølv om han innser at vindressursar og økonomisk potensiale styrer planlegging og utbygging av vindmølleparkar, understrekar han at det estetiske blir ilagt stor verdi.

- Alle store vindkraftutbyggingar må utgreiast for konsesjonshandsaming, og her er landskapet eit av dei viktigaste elementa. I slike utgreiingar er me arkitektar ein viktig og aktiv dialogpartnar.

SJÅ TIL SMØLA

I tillegg til plasseringa i landskapet spelar også sjølve mølla ei rolle for korleis ein vindmøllepark ser ut. Vindmøller har som regel ein kropp som er 80 til 100 meter høg, og rotorblada kan vere borti 80 meter i diameter. Svære saker, med andre ord. Men alle ser ikkje nett like ut, ifølgje Berg. Han trekkjer fram møllene på

Vindmøller

Ei vindmølle består av ei mast, eit nav og som regel tre rotorblad. Vindmøller er mellom 80 og 150 meter høge.

Det finst i dag over 200 000 vindmøller rundt om i verda. Ein fjerdedel av dei blir brukte til å produsere straum med, elles blir dei stort sett brukte til vannpumping.

Per i dag er 14 vindkraftverk sett i gong og 15 nye har fått konsesjon i Noreg. 35 konsesjonssøknader er til handsaming og ytterlegare 66 vindkraftverk er meldt inn, men desse har ikkje søkt om konsesjon enno. (Kjelder: Statkraft, kraftskolen.no, NVE)

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:

www.startsida.no/egen

Estetikk

Namnevit og uvit

Plan- og bygningslova har skjerpa krava til arkitektur og estetikk i kommunane. Kva med namnekviliteten?

TIRIL REM

”Kommunestyret i Gjøvik vedtok torsdag kveld at Snertingdal skole skal være navnet på den nye skolen i Snertingdal.”

Sitatet som er henta frå Oppland Arbeiderblad, fann eg i Aftenposten, som brukte det som døme på eit trygt og ufarleg val. Dette er ein vanleg og logisk måte å namngje offentlege bygningar på, men er det for traust og keisamt?

OPPLYSNINGSPLIKT

– Keisamt? Det er kan hende keisamt, men eg ynskjer meg informasjon i eit namn. Namnet seier noko om kva område det gjeld, om det er bygd eller by, sør eller vest i byen eller landet, og kva det gjeld: om det er ein aldersheim eller ei kyrkje. Opplysningsplikta kan bli forsømd om ein trur ein må vere så fancy, seier Eilov Runnestø, rådgjevar i Språkrådet.

NORSK SKRIVESKIKK

Ho vil mykje heller ha desse namna som følgjer norsk skriveskikk, enn mange såkalla fancy namn som bryt alle reglar. Ho fortel om den gongen ho fekk spørsmål om bruken av Nasjonalparklandsby frå ein journalist.

– Eg gjorde eit søk på nettet for å sjå om ”landsby” blir brukt om norske forhold. Då kom eg over eit premietilfelle som fortener ein kaktus. Namnet har fem ledd, alle orda har stor førebokstav: Hemsedal Resort Fjell Landsby Skiutleige. Dei hadde forresten klart å skrive det siste ordet i eitt ord. Det er nesten så ein ikkje blir forundra lenger, seier ho.

– Tendensen som eg reagerer mest på, er at ord som skulle ha vore samanskrivne, står kvar for seg. Sjølv om dei til saman gjev informasjon, bryt det med norsk skriveskikk.

TRE HOVUDSYNDER

Vi ser stadig tendensar til engelsk eller unorsk ordsamansetjing. Før heitte det ”riksprogram” i NRK. No heiter det



Turløypa langs elva Valldøla har fått namnet «Bedringens veg». Vegen blir brukt av både bygdefolk og pasientar ved rehabiliteringssenteret Muritunet. (Foto: Tiril Rem)

”program riks”. Særskrivning, blanding av norsk og engelsk pluss stor førebokstav i alle ord er dei tre hovudsyndene som blir gjorde mot norsk skrivemåte.

Eilov Runnestø fortel om då Språkrådet vart bede om å ha ei meining då Statens vegvesen skulle dele verksemda i fleire geografiske regionar: region sør, region nord, region aust og region vest.

– Så kom genistrekken: region midt. Det var heilt håplaut. Folk reagerte: Er ”midt” eit ord? Mange som lagar namn er ukritiske. Ein kan undre seg over kven som har utarbeidd somme framlegg. Ein kan falle i stavar over kva som blir skrivne i offentlege etatar, meiner ho.

MESTER?

Eit namn som Mesta kan verke meiningslaust. Sjølv påstår Mesta at selskapsnamnet er eit assosiativt namn som er ein konstruksjon av å mestre. Namnet skal symbolisere det å vere dyktig, ansvarleg og stolt.

– Ein kollega av meg som svarte på eit spørsmål om dette, sa han ikkje kunne forstå samanhengen med å mestre. Då skulle ordstammen ha vore mester, men

r-en manglar. Sjølv om ein hadde brukt namnet Mestre, ville ein ikkje ha skjont kva eller kven det var snakk om.

– Då Vinmonopolet vart delt i to i 1996, fekk grossistleddet namnet Arcus? Er det å jåle seg med latin?

– Ein skal sjølvsagt ikkje drepe skapargleda. Det går an å finne på artige namn som gjev assosiasjonar til det ein driv med. Arcus er latin og tyder boge eller kvelv, men det assosierer ein like fort til kyrkje som til ein vinkjellar.

KREATIVE NAMN

I Haram har det nye kulturhuset fått namnet Ingebrigt Davik-huset etter forfattaren og barnetimeonkelen, han med Taremarby. Namnet på kulturhuset seier noko både om aktivitet og geografisk tilknytning, men på ein annan måte enn det tradisjonelle namnet ”Haram kulturhus” ville gjort det.

Frå heimbygda mi har eg lyst til å trekke fram to gode namneval, sjølv om dei ikkje tilhører offentlege verksemdar. Bowlingsenteret har fått namnet Kulå. Ikkje berre fordi det er dialekt for ”kula”, men fordi vi har eit turmål i fjellet med same namn. Ein av campingplassane har bygt nytt sanitærhus som dei kallar Brusehuset. Ikkje berre fordi vatnet brusar, men fordi bonden som i si tid tok imot

Heilag-Olav på garden, heitte Bruse.

Elles kan ikkje kommunen skilte med større kreativitet enn typiske namn som Vall-

dal sjukeheim og bufelleskapet Elvetun. Kva seier rådgjevaren til slike heim- og tunnamn som er typisk for institusjonar?

– Eg synest det er heilt greitt og storveges bra namn. Dei opplyser kva det er snakk om med god, norsk ordsamansetjing, meiner Eilov Runnestø.

Fakta

Godt namnevit er å

- * velje norske ord framfor utanlandske
- * praktisere norske skrivemåtar i namnelaginga
- * hente ord og vendingar frå lokal tradisjon
- * la den poetiske krafta i morsmålet få spelerom

- * bruke fantasi, vit – og gjerne humor – på språket

Offentlege institusjonar skal dessutan ta omsyn til begge målformer i namnelaginga.


Kjelde: Språkrådet

Markering av livsverket til forfattaren, journalisten, samfunnsbyggjaren og mennesket Rasmus Løland
Fokus på nynorsk litteratur og kultur for barn og unge

nashornet.no

UNDRANDE OG SKAPANDE

Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007-2011
Nordenden 2 • 4230 Sand
Tlf 52 79 06 20 • Faks 52 79 06 21 • Lommetlf 957 22 592



Verdas største kunstgalleri



-Besøkjande som kjem til Eggumstranda i Vestvågøy møter i tillegg til horisonten, havet og dei mektige Lofot-fjella, eit hovud som stirrar utover horisonten. Hovudet er av jern, står på ein sokkel av granitt, og er laga av den sveitsiske kunstnaren Markus Raetz. Viss ein går rundt hovudet, snur det seg, og står plutsleg opp ned. (Foto: Vegar Moen).

Nordland Fylke har ikkje noko eige kunstmuseum. Men i 1988 fekk kunstnaren Anne Katrine Dolven ideen om å gjere heile fylket til eit kjempestort utandørs galleri. Ti år seinare hadde alle nordlendingar fått eit forhold til samtidskunst, og 33 kommunar hadde fått sin eigen skulptur.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Spørsmålet Dolven stilte på ein konferanse om kunstnarar sine levekår i nord i 1988, var kvifor Nordland absolutt må forståast som ein periferi.

- Kvifor kan ikkje vi gjere oss sjølv til sentrum? - Kvifor kan ikkje Nordland bli eit internasjonalt skulpturgalleri? Fylkeskommunen tende på ideen, og sette i gang Skulpturlandskap Nordland. Alle dei 45 kommunane i Nordland fekk tilbod om å vere eit rom i det 560 km lange kunstgalleriet, med ei flate på 40 000 kvadratkilometer.

MYKJE MOTBØR

- Det var svært mykje motstand mot prosjektet i byrjinga, fortel Torill Ueland, som var prosjektleiar for Skulpturlandskap Nordland i perioden 1994-2003. - Prosjektet blei hånt og utflirt i pressa, noko som gjorde det tøft for politikarar å stemme for det.

Kritikken gjekk mykje på konflikten mellom natur og kultur. Nordland har så fantastisk natur, og folk kunne ikkje sjå noka meining i å forstyrre han med kunst. Det vekte også forarging at ein ikkje ville prioritere nordnorske kunstnarar, men hente kunstnarar frå heile verda.

- Det var ikkje så rart at folk var skeptiske, meiner Ueland. Nordlendingane hadde hatt liten tilgang på kunst, og

dermed liten bevisstheit om kva kunst handlar om. Men gjennom prosjektet og prosessane rundt det har vi fått ei heilt anna kunstforståing i fylket. Ueland jobbar sjølv med utsmykking av offentlege bygg, og ho merkar tydeleg at folk forhold seg til kunst på ein anna, meir reflektert måte etter Skulpturlandskap Nordland.

STEMNINGA SNUDE

Trass motbør og utfliring, då prosjektet si første fase var ferdigstilt i 1998, hadde 33 kommunar fått sine skulpturar. Og alle kommunane i Nordland, også dei som ikkje enda opp med nokon skulptur, hadde gått gjennom prosessen med å ta stilling til ideen og bli kjende med ein kunstnar. Kommunestyra hadde behandla saka opp til fleire gonger.

Alle kunstnarane blei spesielt valde ut av eit kunstnarisk råd til å jobbe med ein bestemt kommune. Til dømes laga den italienske kunstnaren Luciano Fabro skulpturen «Il Nido/ Reiret» på Røst, ein kommune som har lange tradisjonar med tørrfiskhandel med Italia.

Kunstnarane var på vitjing i kommunane, snakka med folk, gjorde seg kjende med landskap og kultur og valde ut ein stad for skulpturen. I dei fleste tilfella fekk kunstnarane den plasseringa dei ville, men nokre måtte gå nokre rundar med kommunane før plassen blei bestemt, fortel Torill Ueland.

VERDAS MEST DEMOKRATISKE PROSJEKT

- Skulpturlandskap Nordland har blitt kalla verdas mest demokratiske prosjekt. Både fylkeskommunen, kommunen, kunstnerisk råd og kunstnarane blei til slutt samde, og resultatet står der, i verdas største kunstgalleri.

Det var eit krav at skulpturane skulle bli ståande for ettertida, derfor er det brukt mykje stein i skulpturane. Og nesten alle skulpturane er produ-

serte i Nordland, mange på Lødingen Steinindustri. Men både næringslivet, fylkeskommunen, kommunane og folket måtte lære mykje i prosessen, og støtte på fleire skjær i sjøen.

- Heile prosjektet bar preg av at vi ikkje visste heilt kva vi heldt på med. Den lokale steinindustrien skulle plutsleg produsere skulpturar, noko dei sjølv sagt ikkje hadde erfaring med. Vi i fylkeskommunen hadde heller ikkje erfaring med å jobbe med så store kunstprosjekt. Til dømes hadde vi berekna alt for lite tid. Planen var å ha plassert ut alle skulpturane i løpet av 1993, men det skulle ta heile fem år lenger før vi var i land. Utruleg nok kom vi oss gjennom både skandalar og motbør, og fekk snudd prosjektet til å bli noko positivt.

Då det fyrste verket, «Ein ny samtale» av finske Kain Tapper sto ferdig i 1992, hadde stemninga byrja å snu til det betre. Den tredelte skulpturen i granitt blei høgtideleg innvigd av sjølvaste dronning Sonja og til musikk av den nordnorske folkemusikkdronninga Susanne Lundeng.

UNIKT I VERDA

Ueland kjenner ikkje til at liknande prosjekt har vore gjennomført nokon anna plass i verda. Prosjektet har fått mykje merksemd både nasjonalt og internasjonalt, og Nordland har blitt eit fylke med kompetanse på samtidskunst.

Skulpturlandskap Nordland har no gått inn i ein ny fase, der kommunane har fått tilbod om nye skulpturar. Fleire kommunar, først og fremst dei som ikkje blei med i førre runde, har meldt si interesse. Først ut er Dønna, som av økonomiske grunnar ikkje fekk realisert noko skulpturprosjekt på nittitalet. Der er den brasilianske kunstnaren Cildo Meireles no i gang med ei skisse til ein skulptur, etter å ha vore på besøk på Dønna i 2006. Etter planen skal verket stå ferdig i løpet av 2007, men Ueland kan ikkje love at det går slik.

- Er det noko vi lærte under første fase av dette prosjektet, så er det at kunst tar tid.

Meir om idéen, prosessen, omtalen, kunstnarane og verka i Skulpturlandskap Nordland finn ein på www.skulpturlandskap.no



Den italienske kunstnaren Luciano Fabro laga skulpturen «Il Nido/ Reiret» på Røst, ein kommune som har lange tradisjonar med tørrfiskhandel med Italia. (Foto: Vegar Moen)

Estetik

Stakar ut kursen

Med pilotprosjekt for tettstadutvikling og nye handlingsplanar for kunstnarprosjekt er kunstlos og tettstadforvaltar, Alf Waage, i Suldal i ferd med å staka ut kursen for Suldal.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Ved å satsa på kunstnarprosjekt der kommunen knyter til seg kunstnarar over lengre og kortare periodar, ynskjer Suldal kommune å bli ein meir attraktiv stad for så vel innbyggjarar, turistar og tilflyttarar. Hausten 2006 blei Alf Waage tilsett som kunstlos for å administrera og få i havn dei ulike prosjekta.

SYNLEGE PROSJEKT

Sidan 2004 har kunstnarprosjektet pågått i Suldal kommune og til nå har to kunstnarar vore tilsett medan seks gjestekunstnarar har vitja Suldal for kortare prosjekt. Kunstlosen er i ferd med å avslutta ei solid evaluering og legg i desse dagar fram ein ny handlingsplan for åra som kjem.

I den nye handlingsplanen vil ein i større grad enn tidlegare vektleggja og synleggjera prosjekt for folk flest. Dette vil ein prøva å oppnå ved å sjå på samarbeid mellom tilreisande kunstnarar og lokale prosjekt.

- Dess større grad av samvirke dess større vert innbyggjarane sitt eigarforhold til prosjekta, seier Waage.

Men losen understrekar at det er viktig å balansera synleggjeringa og ikkje



Kunstlos og tettstadutviklar i Suldal kommune, Alf Waage, har sidan hausten 2006 jobba fram ein handlingsplan for å gjera Suldal meir attraktivt for tilreisande og innbyggjarar. Waage ynskjer med prosjektet Ny Giv og å auka trivselen ved at innbyggjarane i Suldal blir meir medvitne og stolte av kva dei har og ynskjer å promotere dette utad. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

for ein kvar pris laga monument som viser att etter kunstnarbesøka.

IMPORTERER KUNSTUTTRYKK

- I utkantkommunar tek det ofte lengre tid å bli eksponert for både kunstnarlege inntrykk og impulsar, seier kunstlosen. Det er difor viktig å få "verda" til Suldal

og importera nye inntrykk og impulsar.

- Det ryktast raskt dersom ein kommune vel å satsa på kunst, og vert gjestekunstnarar tilbydde gode tilhøve vert det fleire som ynskjer å koma for å gjera prosjekt, held Waage fram.

KULTUR FREMJAR TRIVSEL

Trivst kunstnarane er det mogleg at dei vert buande og. Kunst og kulturopplevingar er som kjent viktig for at innbyggjarane skal trivast i ein kommune. Ofte vert satsing på kunst og kultur sett på som ein utgiftspost i kommunane, medan det på lang sikt er med på å auka trivselen og kvaliteten for innbyggjarane.

PILOTPROSJEKT

Mest samstundes med dei nye handlingsplanane presenterer kunstlosen Ny Giv-prosjektet for Suldal kommune. I samband med prosjektet har Husbanken vald ut Suldal som ein av seks pilotkommunar som får økonomisk i støtte til stadsutvikling.

Ny-Giv har sitt opphav i at ferjesambandet Sand-Ropeid skal erstattast med bru innan 2015. Grunna plasseringa av den

planlagde brua kan kommunesenteret Sand havna litt i bakevja.

- Prosjektet Ny Giv tar for seg utforminga av det offentlege rommet og ser på korleis ein kan setja Sand på kartet og gjera sentrum attraktivt for reisande, seier leiar i levekårsutvalet, Tone Mari Sand.

HEILSKAPLEG PLANLEGGING

Suldal kommune har sett fokus på heilskapleg planlegging i tettstadsutviklinga, og planane for kommunen inneber ei opprusting av mellom anna torget og sjøfronten. Ein tursti er planlagt langs lågen og ein vil gjera industriområdet Gåsavika om frå ein oppbevaringsstad til eit utstillingsvindu, då dette er bilstane sitt fyrste møte med Sand.

- Det spesielle med prosjektet er at innbyggjarane og næringsliv på Sand har vore del av prosessen og har kome med innspel og sett premissar for tankar, idear og ynskje, seier Alf Waage. - Den viktigaste delen av prosjektet er å auka medvitte til innbyggjarane i Suldal om det ein har og sjå det ein har gjennom andre sine auge.



Torget på Sand skal rustast opp og sjøfronten skal gjerast attraktiv for dei som kjem sjøvegen. Planane er del av handlingsplanen for Ny-Giv prosjektet i Suldal kommune.


(Foto: Astrid E. Hjelmeland)

• ARE KALVØ • RAGNAR HOVLAND • ARTIKLAR
• PER OLAV KALDESTAD • OLAV A. HEGGDAL •
BOKMELDINGAR • ARNT BIRKEDAL •
SYNNØVE MACODY LUND • NYHENDE •
JON PEDER VESTAD • BORGHILD
GRAMSTAD • RAGNFRID TROHAUG •
SYNSINGAR • MARIANNE MAGNUSSEN
• HANNA MARIA NILSEN •
FILMMELDINGAR • ROALD KALDESTAD
• ANNA HELLEVANG • SKRIVEKLØE •
LARS MÆHLE • JON HJØRNEVIK •

WWW.MAGASINETT.NO



Einaste intelligente
nynorske nettstaden
for ungdom



Må involvera, også barn

Fysiske omgjevnadar og måten menneske opplever og tolkar dei på er avgjerande når eit miljø skal utviklast. Diverre er det altfor vanleg at barn og unge er utegløynde når eit prosjekt skal formast, seier Svava Riesto og Barbara Le Maire Wandall i selskapet Ekstrakt i København

EINAR SCHIBEVAAG

Kunsthistorikaren Riesto og landskapsarkitekten Wandall har lenge arbeidd med prosessar der ein trekkjer inn forskjellige brukarar i dialog når eit prosjekt skal formast.

VER KONKRET

Det er viktig å la menneske, altså brukarane, vera med å gi dei fysiske omgjevnadane eit innhald. Det er dei som vil tolka det som kjem, bruka det, og på den måten fremje målsettinga om å laga gode plassar å vera, anten det er eit torg, ein park eller ein barnehage, meiner Wandall.

- Vår erfaring er at det å bruka den konkrete staden, å la brukarane få vera med i utviklingsarbeidet, er avgjerande for resultatet av arbeidet.

LA BARN SPELA MED

Spesielt ser me kor viktig det er å trekka inn barn og unge som brukarar når prosjekt mynta på dei skal planleggjast. Svava Riesto meiner svært mange kommunar heilt har gløymt at det faktisk er barna som skal arbeida i barnehagen og skulen, og ikkje "50-åringen" som trur at ein meistrar utfordringa best sjølv når utemiljø skal etablerast.

RASKARE HEST

Ein viktig innfallsvinkel er å finna ut kva dei unge vil, framfor å spørje dei kva dei vil ha.

- Spør du dei unge kva dei vil ha, vel dei alltid ein raskare hest. Det vil ikkje vera med å utnytte den kreativiteten barn og unge sit på, seier Riesto.

Ho fortel at ein har sett at barnehagar med svært lite uteareal etablerer plen. Berre for at barna skal oppleva noko grønt i ein by. Det er dessverre slik at ein alt for ofte tenkjer for tradisjonelt når miljø skal lagast.

Å LØFTA EIT MILJØ

Verdien av uterommet er ofte undervurdert og tapar lett kampen når eldreomsorga og uterommet blir sett opp mot kvarandre.

Men den kunnskapen Riesto og Wandall sit på frå fleire større og mindre kommunar, er at uterommet ofte kan vera med å løfta miljø som kanskje på folkemunne har fått eit litt negativt stempel.

Estetikk



- Involvering skaper debatt og løyser ut kreativitet når løysingar skal veljast. Og prosessen og debatten viser at folk bryr seg om og vil vera med å utvikle nærmiljøet sitt, seier Wandall.

KREATIV GETTO

- Innvolver menneske med ulike bakgrunn. Det sveiser folk saman på tvers

av sosial og kulturell bakgrunn som saman løfter kvaliteten i det området utviklinga skjer. Ny næring kjem til, og nye menneske vel å flytte til området då dei opplever samfunnet som spennande.

- Ein slags kreativ getto der sosialt og kulturelt svært ulike miljø møtest og saman utviklar sitt nærmiljø.

Folkevalde må med

Kvinnene i Ekstrakt har erfaring med at svært mange gløymmer å trekkja dei folkevalde inn i arbeidet når bygg, anlegg og plassar skal utviklast.

Det er utruleg mange døme på gode prosjekt som ikkje har blitt noko av på grunn av at sentrale folkevalde ikkje har vore med i prosessen.

- Anten av økonomiske grunnar eller at utforminga er blitt så spesiell at presset frå veljarane fører til nei når ressursar skal løyvast.

Eit anna viktig moment er at me opplever i liten som stor kommune at veldig mange folkevalde sit på store ressursar både i kunnskap og nettverk.

- Dette går ein heilt glipp ved å ikkje involvera dei i slike prosessar.

Korleis det skal gjerast vil sjølvsagt variera i omfang og innhald og frå sak til sak, seier den norske kvinna Svava Riesto som har budd og arbeidd i København dei siste ti åra.



Prosesen er ofte beilt avgjerande for resultatet, seier Svava Riesto. Kunsthistorikaren, som er frå Sandnes, er oppteken av korleis ein kan ta vare på fysiske og kulturhistoriske verdiar og bruke desse på nye måtar slik at lokal identitet kan utviklast på eigne premisser.

«EG ØNSKJER MEG EIN BARNEHAGE DER DEI VAKSNE LES, FORTEL OG SYNG FOR UNGANE MINE»

Pirion

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Abonnementet kostar 175 kroner (Studentpris: kr 145,-). Nye tingarar får også tilsendt nr. 4/2006. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn:

Barnehage:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Telefon:

E-post:



Pirion er eit kulturelt alternativ i ei tid prega av kommersiell kulturindustri og straumlinjeforma marknadsføring. Pirion kjem med 4 nummer i året: februar, mai, august og november.



www.pirion.no

Du kan og tinga Pirion per e-post: pirion@norsk-plan.no

Estetikk

Ein horisontal katas

- Ein må trø varsamt når ein skal lage eit minne om ei så stor og alvorleg hending, seier John Audun Hauge, som skal lage minnesmerket over tsunamien i Sørøst-Asia i 2004.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Hauge sitt forslag til ei horisontal bølgeform hogd i stein, blei plukka ut blant over 800 andre som deltok i ein internasjonal idékonkurranse utlyst av Utsmykningsfondet i februar 2006.

PRAKTISKE OG ESTETISKE OMSYN

Sidan han ville lage monumentet i stein, måtte han tenkje på ei løysing som også som vil late seg gjennomføre i landskapet på vestsida av Bygdøy i Oslo. Ei rekkje praktiske spørsmål, i tillegg til dei estetiske, var med på bestemme korleis den endelege modellen ser ut og kor skulpturen skal stå. I samarbeid med juryen har Hauge bestemt seg for ei plassering ganske nær vatnet, noko han er godt nøgd med. - Ved ekstrem flo kan det hende at heile skulpturen kjem til å stå heilt nedi vatnet, han er i kontakt med sjøen, og det synest eg passar godt, seier han. Skulpturen blir transportert til staden via sjøvegen, for å gjere minst muleg skade på landskapet.

Tsunami-monumentet, som har fått namnet «Interferens», kjem til å vise ei bølgerørsle med utgangspunkt i ringar som spreier seg i vatnet. Ordet interferens er forklart i nynorskordboka som samkvem mellom to eller fleire bølgerørsler, gjensidig (ofte uynskt) innverknad.

Forma er fordelt på fire store blokker som er forskove i forhold til sentrum. Slik blir sentrumet i forma borte, og bølgjene formar eit slags yin-yang-symbol, eit evigheitssymbol på harmoni. Ei forskyving i nivået gjer at det kjem fram brot mellom steinblokkene, noko som minner om den opphavlege hendinga, jordskjelvet.

HORISONTAL KATASTROFE

Det var viktig for Hauge å lage eit horisontalt uttrykk. - Monument har ein tendens til å vere høge, i alle fall i Noreg. Men eg tenkjer på tsunamien som ein horisontal katastrofe, bølgjene som



Larvikitten er ein vakker stein, som kan vere alt frå grov og porøs, til skinande blankpolert. Hauge har eit stort arbeid framføre seg med å bearbeide 10 tonn stein. (Foto: John Audun Hauge)



John Audun Hauge blei plukka ut mellom over 800 andre til å lage tsunami-monumentet på Bygdøy i Oslo. (Foto: Inger-Marit Saastad.)

spreier seg utover, det er ikkje noko vertikalt med det. Eg ville også lage eit relativt roleg og innovert uttrykk, ikkje noko aggressivt og traumatisk.

Det er ikkje første gong kunstnaren jobbar med bølger. Heilt sidan 1985 har han jobba med liknande former, mellom anna laga han i 1995 ein bølgeskulptur som står i ein liten park i regjeringskvar-

talet. Den skulpturen veg heile 20 tonn, mens dei fire steinblokkene på Bygdøy til saman kjem til å vere halvparten så tunge.

Men budsjettet er større denne gongen, heile 2,5 millionar kroner er kostnadsramma for prosjektet. Det er det største budsjettet Hauge har jobba med for eit prosjekt. - Skulpturen i regjeringskvartalet gav ikkje noko overskot for meg, noko som er svært ergerleg etter ein så stor jobb, men denne gongen trur eg nok eg skal få litt løn for strevet, fortel han.

Mykje tid har han ikkje på seg, helst ville Utsmykningsfondet at arbeidet skulle vere ferdig til sommaren. Men det tar tid å lage ein så stor skulptur i stein. Hauge får dei fire larvikitt-emna ferdig tilskorne, men derifrå gjer han all hogginga og poleringa sjølv for hand.

- Larvikitten er ein veldig vakker stein. Når han blir polert blir han heilt svart og så glatt som glas. Poleringa er ein tidkrevjande prosess, som må gjerast

heilt nøyaktig i ti omgangar, forklarar kunstnaren.

FERDIG TIL HAUSTEN

Når alt det formelle er i orden, set han i gang arbeidet som skal gå føre seg i eit steinhoggeri i Skjeberg ved Sarpsborg. Han reknar med å vere i gang i februar, og så må det berre ta den tida det tar til skulpturen ligg ferdig ved sjøkanten på Bygdøy.

- Til treårsdagen for katastrofen 26. desember skal han i alle fall vere ferdig, seier Hauge, og satsar på ferdigstilling i løpet av hausten.

Monumentet skal fungere som ein minnestad for alle som har noko å minnast, og kan også brukast som ein seremoniell stad. Hauge kjenner ikkje til minnesmerke over tsunamien andre stader i verda. I og med at det ikkje blir noko opplisting av namna til dei omkomne på staden, blir skulpturen ikkje avgrensa til å gjelde dei norske ofra.

KURS- OG KONFERANSEHOTELLET!

Sentralt plassert blant alle Nynorsk-kommunar i Sør-Noreg!

Nytt SPA åpner april 2006!
8 suiter - alle med unik innredning! 101 hotellrom! 15 familierom. 2 rom med dør mellom.

Heile 4 kurs- og møterom med

LNK-landstinget
gav terningkast 6 på
mattilbodet vårt!



park inn
REZIDOR 345
Rauland Høgfjellshotell


www.rauland.no

Telefon: 35 06 31 00 - Telefaks: 35 07 35 77

trofe



John Audun Hauge reknar med å bli ferdig med skulpturen «Interferens» til hausten.



Fotomanipulasjon som viser korleis skulpturen blir plassert i landskapet. (Foto: John Audun Hauge)



Ein anna, mindre skulptur av Hauge, som viser forskyvningsprinsippet i bølgeforma. (Foto: John Audun Hauge)

Fakta

230 000 menneske i 12 land miste livet i tsunamikatastrofen i Sørøst-Asia andre juledag 2004.

I tillegg blei tusenvis hardt skadde, og fleire millionar mista heim og livsgrunnlag.

Av dei omkomne var det 84 nordmenn.

Notis

Maren- historia om ei statue

Innkjøpet av statuen av Maren o æ woun til Holstebro kommune var i si tid svært kontroversielt. Men Maren har etter kvart krope inn i hjarta til Holstebro – og blitt der.

For 41 år sidan kjøpte borgarmeisteren i Holstebro kommune ein statue av den italienske kunstnaren Alberto Giacometti for 210 000 danske kroner. Det var mykje pengar for ein kommune med middels god økonomi, og borgaremisteren ønska helst å halde kjøpet hemmeleg til det førestående kommunalvalet var over. Men pressa fekk snusen i kjøpet, og 10. mars 1965 fekk Holstebro for fyrste gong sjå "Kvinne på kjerre".

Kritikken hagla over borgarmeisteren og kommunen, både frå lokalt og internasjonalt hald. Statuen var stygg og dyr, heitte det, og det slo ikkje an at ein liten provinsiell by som Holstebro skulle satse på verdskunst. Men så byrja innbyggjarane etter kvart å få varme kjensler for statuen – som blei heitande Maren på folkemunne. Det heiter seg mellom anna at folk smurte matpakker og tok med vin som dei gav til den spinkle jenta.

Sist år hadde Maren førtiårsdag, og det blei feira med ei offentlig tilskiping med danseoppvising av den Kongelige Teaters Balletskole og andre kulturelle innslag.

Sommaren 2006 kunne Holstebro kommune sine heimesider fortelje at Maren var sjukemeldt og sendt bort for å setjast i stand etter at ho vart utsett for eit stygt hærverk. Kommunen løyvde samstundes ein dusør på 10 000 kroner for opplysningar som kunne oppklare brotsverket.

- Vi tar dette her svært alvorlig. Vi vil ikkje akseptere at folk øydelegg kunststen vår, sa borgemeister Arne Lægaard.

Seinare på sommaren vart dusøren heva til 20 000 kroner. I august proklamerte kommunen frå sine heimesider: Maren kjem heim. Heimkomsten vart feira med song og dans.

Statuen som ein gong kosta kommunen 210 000 kroner (eller 1,75 millionar 2007-kroner) skal no vere verd 17 millionar kroner. For innbyggjarane i Holstebro ser det ikkje ut til at statuen har ein verdi langt ut over det som målast kan i kroner og øre.

PRIS FOR GOD SPRÅKBRUK

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) gjev annakvart år ein pris for god språkbruk til ei offentlig verksemd, ei bedrift eller ein einskildperson som har fremja nynorsk språk og kultur.

Prisen skal delast ut i samband med landstinget i Vågå 27. – 29. august 2007.

Tidlegare har Ullensvang herad, Fylkesmannen i Rogaland, Vågå reiselivslag, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Fjell kommune, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Arne Brimi, Lotteritilsynet og Odd Nordstoga fått prisen.

Dersom du veit om nokon som fortener prisen, send forslaget diitt med grunngjeving til:

LNK, P.B 7044, St. Olavs plass, 0130 Oslo, eller: post@lnk.no

Frist for innsending av forslag:
20. april



PORTRETTE

Kjøpmannen som talar k

Med grøn profil, heimelaga mat og nynorskreklame albuar kjøpmann Paul Drageset og Dragesetkjeda seg fram i ein tøff daglegvarebransje.

MARIE HAUGE

Den blide sparegrisen i Drageset-logoen strevar litt med å halda på smilet i det tilsynelatande evigvarande vinterregnet. Sparegrisen – grøn og velfødd – prydar Drageset-konsernet sitt hovudkontor i Os. På gateplan er det butikk og bakeri, og dufta av nybaka brød og middag når stundom kontoret til Paul Drageset – andre-generasjons kjøpmann og styreleiar i butikkjeda Drageset.

KJÆRLEIKSSORG

Men kjøpmann Paul Drageset held ikkje lenger overoppsyn med kundar på jakt etter ferdig middag og ferske brød. Han er gått over i rolla som aktiv styreleiar i konsernet. Med kjøpmannsblod i årene var det ikkje lett å bryta med kundane. Nærmast som kjærleikssorg, seier Paul Drageset om korleis han opplevde overgangen frå butikklivet til kontorkvardagen. Heldigvis bøter utfordrande oppgaver på saknet.

– Eg er fristilt til å arbeida med noko av det eg likar best; å finna nye satsingsområde og nye eigedomar for Drageset-kjeda, fortel kjøpmannen, som skulle bli alt anna enn dét då han skulle velja yrkesveg i livet.

– I oppveksten såg eg kor kor mykje far min jobba. Eg ville ikkje hamna i same situasjon, fortel han. Etter militæret vart det hovudstaden og økonomiutdanning. Då nokre år i Oslo var passert, merka han at Os-dialekten bar kraftig preg av knot og at tanken på eit liv som kjøpmann i heimbygda ikkje var så framand likevel. Vel heime tok han i ferd med svennestykket. Han vart styrar i ein av dei tre Os-butikkane som den gongen utgjorde Drageset-kjeda. Der fekk han prøva og feila, som han seier det sjølv.

FOLKELEG OG LOKAL

I 1954 etablerte foreldra til Paul Drageset den første Drageset-butikken på Osøyro. Daglegvarebransjen anno 2007 kan knappast samanliknast med landhandlaridyllen på midten av 1950-talet. I dag er sjølvstendige kjøpmenn nesten som ein kuriositet å rekna. Dei færreste matbutikker overlever utan ei kjede i ryggen. Paul Drageset fortel at konkurransen i bransjen er knallhard.

– Det er fire store aktørar som dominerer daglegvarebransjen i Noreg. Næringa er kostnadseffektiv og driftsmarginane låge. Vi merkar spesielt kampen om dei gode lokali-



tetane. Dei store kjedene har proffe og store organisasjonar som går laus på kommunane og leitar opp aktuelt næringsareal, fortel Paul Drageset.

Trass i tøff konkurranse så klarar Dragesetbutikkane å markera seg i knivinga om kundane. Kjeda har staka ut Hordaland og Sogn og Fjordane som sitt kjerneområde. Der er vekstmulighetene gode.

– Å vera ei sjølvstendig kjede er kjekt og utfordrande. Vi kan driva butikkane slik som vi har lyst. Til dømes har vi større høve til å ta inn varer frå lokale matprodusentar, seier Paul Drageset. Han understrekar at det er viktig å gje butikkane eit særpreg som skil dei frå tilbodsrimmelen. Drageset-butikkane skal vera folkelege og lokale – tilpassa nærmarknaden dei fungerer i.

SATSAR PÅ NYNORSK MATGLEDE

– Forretningsideen vår er at vi skal vera kunden sitt beste alternativ. Eit

godt val, reklamerer Paul Drageset. Og det gjer han på nynorsk. Annonsering på nynorsk er også ein måte å skilja seg ut i mengda. Kjøpmann Drageset legg ikkje skjul på at det er medviten marknadsføring når Drageset-butikkane sel mjølk og kjøtt i staden for melk og kjøtt. Språkbruken speglar også at mange av Drageset-butikkane ligg i nynorskkommunar.

– Kundane skal vite at vi høyrer til her og ikkje i noko hovudkontor i Oslo eller Göteborg, seier osingen, som slett ikkje er nokon ihuga nynorskforkjempar sjølv. Gamal mållagsmedlem ja, men det engasjementet vart vekt av di osdialekten var åttå forsvinna under Oslo-opphaldet. Han fortel ærleg at han har slite med språket. Han meiner samnorsk burde halda som einaste norske skriftspråk.

– Mi personlege meining er at det berre er eit språk som tener på kampen mellom nynorsk og bokmål; engelsk.

Namn: Paul Drageset.

Alder: 48.

Stilling: Kjøpmann og aktiv styreleiar i daglegvarekjeda Drageset, som tel 17 butikkar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Aktuell: Gjev ut kundebladet «Matgleder» på nynorsk. Dragesetkjeda annonserer på nynorsk, og har motteke fleire målprisar.

”Kundane skal vite at vi høyrer til her og ikkje i noko hovudkontor i Oslo eller Gøteborg”

Kundane sitt språk



Frisk fjordblest: Han held seg langt unna blitzregnet og kallar seg ein heimføding frå Os, styreleiar og kjøpmann Paul Drageset i Dragesetkjeda. Rekreasjon frå daglegvarerbransjen finn han ved og på vakre Bjørnefjorden. (Foto: Marie Hauge)

Men det synet vinn han ikkje gehør for i marknadsavdelinga, som no også gjev ut eit kundemagasin på nynorsk. I «Matgleder» får kundane serverte oppskrifter, matprat, tips og produktinformasjon. Kosthaldsråd er også forsiktig fletta inn i den kulørte nysatsinga.

– Det er mykje vi vil ha fram til kundane våre. Målet er å skapa meir glede med sunn mat. Det er ikkje noko vi dyttar på folk, i staden satsar vi på roleg kunnskap og inspirasjon, fortel Paul Drageset. Han opplever at det er ein tendens til større medvit blant kundane når det gjeld mat og mathelse. Fleire etterspør produkt frå

nærmiljøet, og fleire kundar enn før ynskjer å vita kvar maten dei kjøper kjem frå. Difor satsar Drageset-kjeda på opplæring av personalet i dei ulike diskane. Dei skal kunna svara når kundane spør.

GRØNT ENGASJEMENT

I fullsortimentbutikkane til Dragesetkjeda er det travelt framfor varmdiskane. Salet av ferdigmat har teke av dei siste åra, og Dragesetkjeda klarar nesten ikkje å følgja opp etterspurnaden. I dei nye butikkane vert det såleis bygt store varmmatdiskar for å stetta hungeren hos kundane. Men varmmat er ikkje synonymt med usunn søppelmat.

– Her går det i heimelaga slow-food, slår Paul Drageset fast.

Såleis er det ikkje tilfeldig at det er mykje grønt i Drageset-logoen. Paul Drageset byrja å interessere seg for miljøarbeid tidleg på 1990-talet. I denne perioden innleia han eit samarbeid med Kurt Oddekav og Miljøvernforbundet for å få på plass ei god kjeldesortering. Resirkuleringa av plast og anna avfall vart sett i system, og etter kvart tok resten bransjen etter. Seinare har både skular og forsvaret nytta seg av resirkuleringssystemet frå butik-kjeda.

– Men det med sparegrisen var mor sin idé. Den oppveksande slekt har kanskje ikkje same forhold til sparegrisen som oss, men dei kjenner no igjen grisen vår, fortel Paul Drageset, som sjølv tente sine første kroner med å pakka egg og sortera tomflasker i butikken der det heile starta.



Gult og grønt: Kjøpmann Paul Drageset syslar mest med strategiske oppgåver, men tek seg tid til ein prat med frukt- og grøntansvarleg Maren Rolfsdatter Øvstedal på den største Dragesetbutikken i Os. (Foto: Marie Hauge)

Språkråd



Jan Olav Fretland - førsteamanuensis i norsk - medlem av Norsk språkråd.

Eit Dinner kit med smoothies til middags?

Det er rikeleg med farga, for ikkje å seia kulørt, lesestoff i postkassa no rundt årsskiftet. Fyrst skal me kjøpa alle julegåvene til jul, og så skal me etter jul kjøpa på billegsal alt me ikkje kjøpte før jul. Boskorga var imponerende full då det var papirlevering her om dagen.

Og dei kavar på, dei som skal selja: Noko må dei finna på for at me skal bita på agnet deira. Somme av dykk såg kanskje at eg var ute etter Elkjøp-kjeda på Dagsrevyen her før jul. Dei selde ikkje støvsugarar meir, hadde berre vacuum cleaners i hyllene. Og så hadde dei knive sharpeners til å kvessa knivar med og mykje anna moderne og fint. Rett skal vera rett, sjefen på Elkjøp stod fram, han, og lova at til i mai 2007 skulle alt i hyllene ha norske namn. Ære vere han for det. Eller kanskje det heller er NRK som skal ærast. Når media er med på laget, er det å råd å få gjort noko.

I dag sette eg meg ned med reklamen i boskorga og vart i grunnen litt skremd over det ein stakkars hobbybrukar frå Lærdal skal måtta ta mot. Har du til dømes lagt merke til at du no kan kjøpa Boil in bag ris? Alle dei store kjedene har dette, ser eg. Du kan altså koka risen direkte utan å ta den or posen. Men du må vel ha hovudrett og? Der kan eg tilrå eit Dinner kit. Det er fleire leverandørar som har det. Viss du har ein food processor, kan du forresten laga smoothies på ein enkel måte, står det i tre av brosjyrane. Eg veit ikkje kva det er, kan godt henda det smakar bra til dessert. Eg tykkjer forresten uttrykket matmølle er flott om denne fudprosessoren. Skal du servera maten, finst det no eit halvproft justerbart allroundbord i stilig design. Så då tenkjer eg du har berga i land minst eitt måltid utan at du heilt forstår kva som har hendt!

Ein blir nesten kvalm av dette jalespråket. Skulle du måtta spy, har eg ei tilråding der og: Blir det dårleg miljø rundt klosettet og du treng godlukt på do, tilbyr dei no Ambi-pur WC blokk. Og skulle ikkje dette få bukt med all styggeskapen, kan eg melda at du kan, nett før du legg deg, ta inn litt Detox Patch, som ”rensar kroppen for giftstoffer mens du sover”.

Som du skjønar: Språkspalta løyser dei fleste problem ...

ABC KRD MVA
ABS KVM NOU
NOK OSV DVD
GPS MVH **KBN**

I det daglege møter du mange nye ord, uttrykk og forkortingar. Frå nå vil du og møta på KBN. Sjølv om me nå har omprofilert oss er vi framleis Kommunalbanken.

Kommunalbanken er den klart største aktøren i kommunemarknaden, med ein marknadsandel på vel 30 prosent for heile den kommunale sektoren og vel 40 prosent for lån til kommunar og fylkeskommunar. Banken har ein viktig sektorpolitisk funksjon ved å bidra til dei lågast moglege finanskostnadane for kommunesektoren. Dette vil framleis vera den viktigaste oppgåva til banken.

KBN Kommunalbanken
Norge

Reserverte rasløfte

Magnhild Meltveit Kleppa, gruppeleiar for senterpartiet på Stortinget meiner det ikkje skal stå på hennar regjeringsparti å få auka løyvingane til rassikring. Statsråden frå same parti var ikkje like tydeleg.



EINAR SCHIBEVAAG

I slutten av januar var mange krefter samla for å få auka satsinga på rassikring. Ein konferanse der forventningane til samferdselsminister Liv Signe Navarsete (Sp) var store. Vona var i det minste signal om at budsjettposten på 560 millionar kroner, som i 2007 er avsett til føremålet, skulle aukast.

SP LOVAR PENGAR

Skal ein dekkje det behovet Nasjonal Rassikringsgruppe meiner trengs, vil det ta opp mot 40 år før vegane er trygge.

Ministeren var vag i sine meiningsytringar, men partifellen på Stortinget, Magnhild Meltveit Kleppa, lovdde forsamlinga at det ikkje skulle stå på Senterpartiet for å få den økonomiske innsatsen frå regjeringa.

DYRT FOR NÆRINGSLIVET

Møreforskning har rekna på kva det kostar for samfunnet når ras stenger vegen for dei som skal levera varene sine. Kvar gong ein veg er stengd, påfører det næringslivet ein kostnad opp mot 25 000 kroner per time.

Solfrid Borge, ordførar i Ullensvang, meinte at forutsigbarheit også er viktig, i tillegg til dei økonomiske kostnadene.

HEILE NOREG

Borge og Meltveit Kleppa peikte på at ein må sjå heile landet under eitt når ras-diskusjonen blir drøfta, og ikkje på kor det raser mest nett no.

RV 13 frå Sandnes i sør til Førde i nord er kanskje ein av dei mest rasutsette vegstrekningane i landet, hevda dei.

- Me veit kva me snakkar om, og denne viktige vegstrekninga må sikrast betre for dei som ferdast, anten det er med last eller skuleungar.

Notis

Enklare for næringslivet

"Innan 2008 skal alle offentlege skjema byggje på eit felles grensesnitt på Internett." Denne målsetjinga kjem fram i dei endelege retningslinjene til ELMER 2 (Enklare og meir effektiv rapportering). ELMER 2 er eit prosjekt i regi av Nærings- og handelsdepartementet, NHO og Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon som mellom anna skal utvikle gode og brukarvenlege offentlege tenester. I dei nye retningslinjene tar ein for seg prinsipp og spesifikasjonar for utforming av offentlege skjema på Internett, heiter det på departementet sine heimesider.

Likegyldige til maritim næring

Til tross for at 85 prosent av befolkninga bur nærare enn fem kilometer frå kysten, syner folk lita interesse for den maritime næringa. Ei undersøking vekebladet Måndag Morgon har gjort blant 1702 personar mellom 15 og 45 år, syner at over halvparten av dei spurde stiller seg likegyldige til næringa. Halvparten av ungdommen i undersøkinga har ingen kunnskap om maritim sektor.

Berre ti prosent av ungdommen kan tenkje seg ei maritim karriere, sjølv om den norske flåta auka med 45 skip i fjor og det er trong for 2000 nye sjøfolk i åra som kjem.

Også lokalavisa di er nær og kjær

Eit mjukt kinn og ein varm klem. Som foreldre og besteforeldre er barn noko av det næraste og kjæraste vi har. På same måte ynskjer lokalavisa å vera nær og kjær for lesarane sine. I lokalavisa finn du derfor artiklar, bilde og annonsar frå nærmiljøet ditt. Vi nyttar ikkje plassen vår på privatlivet til TV-kjendisane. Derimot finn du mykje om det lokale kulturlivet, organisasjonslivet, idrettslivet og næringslivet. Vi skriv om dei små og nære hendingane, men også om dei tunge politiske sakene. Slik arbeider vi jamt og trutt for å bidra til noko positivt og konstruktivt i lokalmiljøet vårt. «Leserundersøkelsen for Lokalaviser» viser at vi så

langt har lukkast med jobben vår. Lokalavisene har svært høg tillit blant lesarane. 9 av 10 les lokalavisa heime – i ro og fred. Dette er positivt også for dei av dykk som annonserer i lokalavisa. Dess meir truverdig mediekanalen er, dess meir valuta får du for annonsekronene dine. Vi er stolte av jobben lokalavisene gjer for nærmiljøet sitt. Vi nyttar høvet til å takka for følgjet – så langt. Snart byr vi på ein ny porsjon stoff frå kvardagen din. PS! Dersom du ikkje alt abonnerer på avisa vår, bør du ringja oss i dag. Ta også kontakt dersom du vil annonsera i eit truverdig mediekanal: lokalavisa.

DI LOKALAVIS!

Sunnhordland

Tlf. 53 45 00 00

www.sunnhordland.com

Notis

Mange vil ha statlege arbeidsplassar

Sju kommunar er no med i konkurransen om å få vere vertskommune for eit nasjonalt kompetansesenter for distriktutvikling. Dei sju kommunane er Alstahaug, Alta, Bø i Telemark, Rena, Sogndal, Steinkjer og Volda.

Kven av desse sju som endar opp med å få kompetansesenteret, skal avgjerast av Kommunal- og regionaldepartementet i løpet av første kvartal i år.

Det var gjennom Stortingsmeldinga «Hjarte for heile landet» at regjeringa i fjor varsla planane om eit slik kompetansesenter. Då søknadsfristen gjekk ut, hadde heile 46 kommunar og fagmiljø meldt si interesse som vertskap for kompetansesenteret. Kommunane som har søkt blir mellom anna vurderte ut frå vilkåra for oppretting av statlege arbeidsplassar.

Dei sju kommunane som no skal vurderast nærmare vil ganske snart få høve til å møte departementet. Regjeringa har som mål at kompetansesenteret for distriktutvikling, som mellom anna skal bidra til å støtte opp om lokal utviklingskraft og lokale initiativ, skal etablerast i januar 2008.

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølv sagt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

24 timar

Alltid open. Det er ei målsetjing alle norske kommunar skal innfri. Dørene skal vera opne 24 timar i døgnet, 7 dagar i veka og brukaren skal sjølv vera med å utføra oppgåver som kommuneadministrasjonen til no har utført.

EINAR SCHIBEVAAG

- No skal brukaren sjølv utføre meir av oppgåvene, til beste for brukaren og den offentleg tilsette, fortel utviklings-sjef Nina Bjerkreim-Hanssen i Sem & Stenersen Prokom as.

Å få brukarane av kommunale og statlege tenester til å utføre fleire oppgåver på nettet er ein viktig del av kommunenoreg si E-kommunesatsing. Målsetjinga er at alle kommunar skal vera opne å gå i 2009.

Målet er at mest alle tenester skal la seg løysa på nettet, alt frå søknad om byggjeløyve, søknad om barnehageplass, tilskotsøknader osv. osv.

Innan 2008 skal 50 kommunale tenester kunne løysast over nett, og Sem & Stenersen Prokom har dei seinare åra lagt ned store ressursar for å bidra til at kommunane skal nå målsettinga om å få brukarane til å gjera grunnlagsarbeidet for kommunane.

- Dette vil føre til at folk får med seg den informasjonen som skal til for at søknader kan behandlast og at sjølv søknadsprosessen kan gå raskare, seier Bjerkreim-Hanssen.

FRIGJERING AV RESSURSAR

Vinsten med sjølvbetjeningsportalen til Sem og Stenersen Prokom ligg i at ein får til ein integrasjon med andre kommunale system, slik som sak- og arkivsystemet og andre fagsystem kommunane nyttar dagleg, meiner Bjerkreim-Hanssen.

Ho trur at kommunane og staten for første gong vil merka at arbeidspresset vil gå ned i administrasjonen ved at brukaren sjølv gjer store delar av grunnlagsarbeidet.

- Det å registrera ein stillingssøknad i personalsystemet kan t.d. ta opptil 20 minutt, seier Bjerkreim-Hanssen.

- Og det er ikkje få søknader ein kommune skal registrera gjennom året.

Å FINNE INFORMASJON EIN STAD

Skal ein familie flytta til ein annan del av landet er det mange forhold som må løysast andsynes det offentlege. På Skatteetaten sin nettstad kan du melda flytting, NAV sin nettstad skal hjelpe deg med ny fastlege og kommunen sin nettstad skal hjelpe til med å søke t.d. barnehageplass. Med Miside.no kan du gjera alt dette på ein og same plass integrert som ein del av kommunen sin eigen nettstad.

PERSONLEG KODE

Kommuneportalen til Sem & Stenersen er tett integrert med borgarportalen MiSide. Dei kommunale tenestene kan nyttast anten direkte i MiSide eller frå kommunen si eiga nettside. For å nytta sjølvbetjeninga på nettsida til kommunen, kan du anten logge på med e-postadresse og valfritt passord eller autentisere deg med MiID som er MiSide

Fleire bruker Mi Side

Etter at borgarportalen Mi Side opna ved nyttår, har 135 000 nordmenn teke han i bruk.

TOYNI TOBEKK

Politisk rådgjevar i Fornyings- og administrasjonsdepartementet Jørund Leknes seier til Teknisk Ukeblad at ein slik portal med offentlege etatar og kommunane samla i eitt er unik i verdssamanheng, i alle fall så vidt departementet veit.

50 norske kommunar er per i dag tilgjengelege på Mi Side.

For å kunne logge deg på www.miside.no, treng du ein påloggingsnøkkel som du fekk tilsendt saman med skattekortet for 2007.

7 dagar i veka

si eiga påloggingsløysing. MiID er samansett av personleg pin-kode som du får på skattekortet, fødselsnummer og ein sjølvvald kode.

FRÅ BLANKETT TIL NETT

Dagleg leiar i Sem og Stenersen Prokom as, Thomas Lunde, meiner mange framleis forbind selskapet med eit blankettvelde. Slik er det også i dag, men i dag er nok fokuset meir på nettløysingar enn på å produsera papirblankettar.

- Den tradisjonelle blanketten er på veg til å bli historie, men dei aller fleste lever likevel i beste velgåande, no i ei eller anna elektronisk form.

Lunde meiner den største oppgåva selskapet har no er å gjera kommunane og det offentlege meir tilgjengeleg uavhengig av kva tidspunkt du vil kommunisera med kommunen din på. Det bør heller ikkje spele noko rolle om oppgåvene du skal løysa er kommunale eller statlege.

Meistrarar du ikkje IT-verktøyet sjølv er det målsetjinga at kvar kommune har eit servicetorg der innbyggjaren skal finne den same hjelpa anten gjennom rettleiing eller at dei tilsette hjelper deg i å løysa behova.



Utviklingssjef Nina Bjerkreim-Hanssen i Sem & Stenersen Prokom føler at e-kommunesatsinga på kommuneportal går på skinner. Like før jul scora Asker kommune sine nettsider, som er levert av Sem og Stenersen, høgst av alle kommunale nettstader i Norge.no si kvalitetsvurdering. (Foto: Einar Schibeveag)

Gjev resultat

Sem & Stenersen samarbeider med fleire andre instansar, mellom anna Kommuneforlaget. Slik kan 24:7 løysinga knytast opp til den nasjonale tenestekatalogen som gjer at alle endringar i statlege lover og føresegner blir registrerte fortløpande. Det same gjeld søkemotoren Ankiro, som gjer at brukaren sitt språkval (bokmål eller nynorsk) ikkje endrar søkeresultat. Søkjer du på heimfall eller skule finn den og saker som gjeld heimfall og skole.

- For oss er det slik at me ser det som viktig at det er kunden som bestemmer målform for si it-løysing, og at brukaren kan nytta den målforma han sjølv vil utan at det skal ha noko å seie for resultatet, seier Nina Bjerkreim-Hanssen.

Microsoft har ein eigen IT-plattform for Servicetorg. All kommunikasjon mellom kommunen og innbyggjarane blir lagra i denne løysinga. Målet er å kunne yte betre service på kortare tid. Kommune 24:7 kan integrerast i denne og vil utvida nytten av begge systema.

Innbyggjaren vil dermed oppleve betre og raskare service, og få færre personar i kommunen å måtte kommunisera med når oppgåver skal løysast.

- Denne servicepersonen har oversikt over alle aktivitetar mellom kommunen og innbyggjaren, seier Bjerkreim-Hanssen.

Fakta

Mi side

Innbyggjarportalen miside.no vart opna av Fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys like før nyttår. Kvar enkelt innbyggjar får no si eiga skreddarsydde side med offentlege elektroniske tenester og dialog med offentlig forvaltning.

No skal brukarane lett kunne finne fram til dei tenestene dei treng utan forkunnskapar om kva for offentlig etat og kva for forvaltningssnivå som har ansvaret for tenesta. I tillegg vil brukaren kunne følgje kor langt saka/ene er komne i det offentlege byråkratiet.

Miside.no gjer det enkelt å finna fram til informasjon og elektroniske tenester frå det offentlege, stat og kommune side om side.

Fjell kommune var ein av vel 20 kommunale nettstadane som først kunne ta ordninga i bruk. Basis her er Sem og Stenersen Prokom as sin sjølvbetjeningsportal (ePortal og Kommune24:7) som er integrert som ein naturleg del av Miside.no.

Miside-prosjektet vart lansert som eit samarbeidsprosjekt mellom fleire etatar, leia frå departementet. No er ansvaret overført til Noreg.no, som er ein etat i Leikanger underlagt Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Miside.no kjem på nynorsk, bokmål, samisk og engelsk.

E - demokrati

Gjennom prosjektet "E-demokrati 2009" blir det stilt følgjande krav til kommunar og fylkeskommunar:

I løpet av 2007 skal

- alle folkevalde kunne nås per e-post
- alle politiske prosessar skal vera synlege på internett.

I løpet av 2009 skal

- alle kommunar ha overføring av møte via internett
- alle kommunar ha elektroniske kanalar for dialog med innbyggjarane

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

Du får ikkje svar

Berre halvparten av 120 kommunar finn det bryet verd å svara på spørsmål frå publikum. – Kommunane har ein ryddejobb å gjera seier leiar i Kommunenes Sentralforbund (KS), Olav Ulleren

EINAR SCHIBEVAAG

Kommunenoreg vil kommunisera med innbyggjarane sine elektronisk. I 2009 skal så godt som alle oppgaver løysast gjennom nettet.

NEDSLÅANDE

I ei kartlegging utført for LNK-avisa av Norsk Plan as kjem det fram at berre halvparten av kommunane som er spurde, vel å svare på tre enkle spørsmål på e-post.

- Forbrukarrådet gjorde ei liknande undersøking for ei tid sidan som og viste dårleg svarprosent. Dei resultatane som no kjem fram er meir nedslåande enn sist, og det må takast på alvor, seier Ulleren.

Kommunane har gode rutinar for å handtera tradisjonell post, men det snerest som ei utfordring for kommunane å handtera post elektronisk.

- Rutinane er for dårlege og det er nok slik at mange til no har sett på elektronisk post som ein utformell kommunikasjonskanal, meiner KS-leiaren.

SVIKTAR FORVENTNINGANE

Det er det slett ikkje, og det er viktig at kommunane set denne oppgåva på dagsorden slik at alle kommunane kan innføre den elektroniske kommunen innan 2009, meiner Ulleren.

- Då skal det meste av oppgåvene mellom kommune og innbyggjar løysast på nett.

Frank Fardal i Noreg.no, som arbeider for at innbyggjarane av offentlege tenester skal få betre rettleiing, er ikkje overraska over resultatet som kjem fram i kartlegginga.

- Resultatet er ikkje oppløftande og kan langt på veg vera ein trussel mot haldninga til det offentlege tenestetilbodet.



Olav Ulleren (t.h) er glad for at alle kommunane som er spurt i Buskerud fylke har svart på kartlegginga. (Arkivfoto)

Innbyggjarane må forventast å få svar når ein vender seg til ein offentlig instans. Når halvparten lar vera, er dette slett ikkje bra i forhold til kva folk ventast av demokratiet.

LITE NØGD

Kartlegginga viser at det er liten skilnad på om kommunen er liten eller stor. Kommunar som Eidfjord og Ulvik svarer på kartlegginga, mens Modalen og Stordal kommune har sett bort frå spørsmåla som er stilte.

Større kommunar som Ørsta, Førde og Stord svarar, mens Fjell og Volda lar vera. Varaordførar i Fjell kommune Espen Villanger (Ap) er lite nøgd med det som kjem fram.

- Me får mange spørsmål til vårt postmottak og ikkje alt blir svart på, men då skal me gjera greie for kvifor kommunen lar vera å svare, seier varaordføraren.

- Kartlegginga viser at Fjell sitt postmottak har svikta, og det er tydeleg at me treng å ta fatt i utfordringa slik at me gir svar til dei som vender seg til kommunen.

Her får du svar

Møre og Romsdal

Hareid Ørsta, Fræna, Ullstein, Stranda, Norddal, Giske, Sula, Vestnes, Ørskog, Hareid, Vanylven

Sogn og fjordane

Askvoll, Førde, Stryn, Leikanger, Balestrand, Vik, Gulen, Luster, Eid, Sogndal, Aurland, Fjaler, Gloppen

Hordaland

Austerheim, Meland, Eidfjord, Fedje, Vaksdal, Austevoll, Jondal, Etne, Granvin, Stord, Ulvik, Lindås Masfjorden, Voss, Samnanger, Kvinnherad Os Radøy Fitjar

Rogaland

Finnøy, Hå, Time, Bjerkreim

Aust Agder

Byggland

Telemark

Tokke, Vinje

Buskerud

Ål, Hemsedal, Hol

Oppland

Vågå, Vestre Slidre

Berre Hordaland fylkeskommune svarer av dei fire nynorske fylka.

VEGEN VIDARE

Infrastrukturkonferanse, Sola 15.-16. mars 2007

Fullstendig program og skjema for påmelding:
www.norsk-plan.no/program

venstre

DEI SISTE TI ÅRA HAR VI HAUSTA MEST OG ETE MINST!

Dei fleste av kundane våre lever nøkternt i kvardagen. Derfor er det viktig at pensjonsleverandøren et minst mogleg av pengane som skal sparast til framtidige pensjonar. KLP kan dei siste ti åra vise til:

- dei lågaste administrasjonskostnadene i bransjen
- ingen utgifter for kundane til leige av eigenkapital
- høgast verdijustert avkastning

Fleire kommunar har derfor tapt millionar på ikkje å ha pensjonsordninga si i KLP. Er du oppteken av økonomi, vel du den leverandøren som gir deg god avkastning, og som et minst av pengane dine.

www.klp.no

 **KLP
FORSIKRING**
For dagane som kjem



SEM & STENERSEN
PROKOM

Sjølvetening for innbyggjarar – sjølv sagt òg på nynorsk!

Brukarar av kommunale tenester skal få sjølvetening på si eiga målform. Difor leverer vi sjølv sagt vår nettbaserte skjema-løysing for kommunar, **Kommune24:7**, på nynorsk. Skjermdialogane vender seg til brukarane av kommunale tenester, både innbyggjarar/privatpersonar og næringsliv. For kommunar med nynorsk som målform er dette eit viktig steg for å kunne tilby publikum gode, nettbaserte løysingar på rett målform.

Ta kontakt med oss på post@prokom.no for meir informasjon om **Kommune24:7** – den nettbaserte skjema-løysinga for kommunar!

www.prokom.no



BOKN



Køfritt samfunn



Bogn kommune opplever ei positiv utvikling når det gjeld folketal og tomteetterspurnad. Særleg har ordførar Svein Ove Alvestad merka etterspurnad etter tomter i Austre-Bogn. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Vel du å slå deg ned i det tidlegare øysamfunnet på Bogn er du sikra barnehageplass og borna får gå på ein skule som er ny og modernisert. I tillegg er det godt med plass på sjukeheimen.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

Bogn har vore landfast sidan 1991 og med E39 gjennom kommunen og køyretid på ein halv time til Haugesund og ein time til Stavanger ligg kommunen strategisk til for folk som ynskjer å busetje seg litt utanføre dei travlaste strøk.

VEKST OG OPTIMISME

I dag bur det om lag 780 personar i Bogn kommune og dette er eit tal som ordførar Svein Ove Alvestad (H) er relativt nøgd med.

- Me ser ei positiv utvikling når det gjeld folketal, tomteetterspurnad og utbygging av byggjefelt på Austre Bogn, seier Alvestad. - Me ligg i ein region som går som det susar, held han fram. Både



- Me på Bogn må skapa vårt eige engasjement, og gjera bygda vår attraktiv å bu i, seier ordførar Svein Ove Alvestad (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

på Haugalandet og elles i landet er det ei positiv utvikling i vekst og på Bogn har dei mellom anna hjørnebedriftene Bogn Plast og HiComp som ekspanderer og rekrutterar arbeidskraft og skaffar skattekrone i kommunekassen. Då selskapet HiComp ynskte å utvida produksjonen var Bogn velvillige og bygde ut eit nytt industriområde som dei nå leiger ut til selskapet med opsjon for oppkjøp.

NÆRINGSTOMTER

Alvestad registrerer ein auke i etterspurnaden etter næringsstomter og han har nyleg seld den siste sjønære næringsstomta på 6-7 mål til ei verksemd som vil driva med sal og utrusting av fritidsbåtar. Samstundes er det framleis ledige tomter for fiskerirelatert verksemd. Elles er det ledige næringsstomter

med høve til å koma til kai.

NEI TIL SAMANSLÅING

Bogn kommune stemde nyleg nei til kommunsamanslåing med Tysvær kommune, og sjølv om debatten er lagt død er det ikkje tvil om at Alvestad hadde ynskt eit anna utfall. Grunna tilbod om deltidsstillingar ser Alvestad at kommunen slit med å skaffa kompetanse på

alle felt, og kommunen er avhengig av interkommunalt samarbeid.

- Å vera avhengig av hjelp og gehør frå andre kommunar vil vera vanskeleg på sikt, seier Alvestad. - Alle kommunar tenkjer på sitt, og kostnadane for å leige inn kompetanse vil bli høge.

KJEKT PÅ BOKN

Alvestad understrekar at folkeavstemminga har ført med seg noko positivt og.

- Folket på Bogn vakna litt til liv under debatten og avstemminga, seier Alvestad. Det er blitt eit betre engasjement og glød blant folket om få ting til.

Kommunen er og i gong med prosjektet "Kjekt på Bogn", der fleire arbeidsgrupper jobbar med tiltak for å auka trivselen for innbyggjarane på Bogn. Arbeidsgruppene har fått innspel frå næringsliv og innbyggjarar for korleis ein betre skal synleggjera og byggja opp eit omdøme som gjer det attraktivt å slå seg ned og etablere seg i kommunen både for privatpersonar og næringsliv.

FAKTA



Bogn er den eldste kommunen med dei eldste trehusa på Haugalandet.

Bogn vart landfast i 1991 og ligg ein halvtimes køyring frå Haugesund og ein times køyretur frå Stavanger. I dag pågår planlegginga av ein undersjøisk tunnel, "Rogfast", mellom Bogn og Randaberg som vil redusere reisetida med ein halv time.

Øysamfunnet har i alle år hatt jordbruk og fiske som det viktigaste levestrukket. Særleg har fiske vore viktig i gode sildeperiodar. I dag blømer industrien på øya med plastproduksjon, lakseoppdrett, laksefiletproduksjon og produksjon av komponentar til vindmøller og undervannsinstallasjonar for oljebransjen.

Innbyggjartalet er rundt 780 personar. Folketalet på Bogn hadde sin topp på 1800-talet under dei rike sildefiskeria. Då hadde øysamfunnet 1062 innbyggjarar.

| | |
|------------|---|
| Høgre..... | 7 |
| Sp..... | 5 |
| Ap..... | 3 |
| KrF..... | 2 |

| | |
|-------------------|------------------------|
| Ordførar..... | Svein Ove Alvestad (H) |
| Varaordførar..... | Kleng Matias Våga (Sp) |
| Rådmann..... | Jan Erik Nygaard |

BOKN



Forventar alternativ energisatsing



I produksjonslokala til HighComp og Bokn Plast på Bokn blir det produsert, komponentar til vindmølleproduksjon, deksel til undervannsinstallasjonar og tankar til slam- og oljeutskiljing. Arne Aarvik er teknisk sjef i selskapa og står her føre deler av eit dynamohus til ei vindmølle. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Med olje-og vindkraftbransjen på kundelista har HighComp på Bokn i Rogaland dobla omsetnaden i løpet av dei tre siste åra. Optimismen rår i industrihallane, men bedrifta er ikkje nøgd med satsinga til den raud-grøne regjeringa på alternativ energi.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

- Å satsa på vindkraft har vore eit strategisk val for å ha fleire bein å stå på, seier dagleg leiar i Bokn Plast og HighComp, Helge Rasmussen. Trass i at han har stor tru på vindkraft som framtidig energikjelde i Noreg, er han overraska over

den manglande tilrettelegginga for meir miljøvennleg energiproduksjon frå den raud-grøne regjeringa.

DÅRLEGE INSENTIV

- Inga regjering har skuffa meir i å forvalta ansvaret med å redusera CO2 mengda i norsk industri, seier Rasmussen. Medan land som Danmark, Spania, Tyskland og Kina nyttar vind som kraftkjelde er Noreg framleis tilbakehaldne og gjev dei dårlegaste insentiva for bedrifter som ynskjer å satsa på alternative energikjelder.

- Det er for meg heilt uforståeleg at Noreg som er eit av verdas rikaste land ikkje deler ut grøne sertifikat til selskap som ynskjer å investera i alternativ energi, held Rasmussen fram.

FRÅ SLAM TIL VAKUMINJEKSJON

Frå å vera eit selskap som produserte tankar for slam- og oljeutskiljing, etablerte leiinga i Bokn Plast systemselskapet HiComp hausten 2006. Ved bruk av vakuminjeksjon produserer HighComp dynamohus til bruk i vindkraft og deksel til undervannsutbyggingar for oljeindustrien. Deksla skal hindra trål frå å skada undervannsinstallasjonar som står på 100-1000 meters djup i Nordsjøen og som i verste fall kan føre til gasslekasjar.

LUKKA PROSESS

Teknisk sjef ved HighComp, Arne Aarvik understrekar at vakuminjeksjon i ein såkalla lukka prosess, gjev ein minimal eksponering av løysemiddelet styren.

- Medan ein tidlegare måtte fukte lag for lag med glasfiber, legg ein i dag tørt i tørt med lag av glasfiber før ein legg folie over det heile for å suge ut vakumet ved hjelp av ein tilførselsleidning i polyester, seier Aarvik. Heile prosessen er og meir miljøvennleg og reinsleg, og grunna den høge fiberkonsentrasjonen blir resultatet eit kraftigare laminat.

UTANLANDSK

ARBEIDSKRAFT

Medan Bokn Plast er ei stabil bedrift med om lag 25 fast tilsette, er HighComp meir sesongbetont og konjunkturavhengig. Dette gjer HighComp avhengig av sesongarbeidarar ofte med utanlandsk opphav.

- Det er mest ikkje nordmenn å oppdrive til produksjon, seier Rasmussen. Av 30 arbeidarar er det kun seks til åtte nordmenn. - Ein får ikkje nordmenn til å ha ein slik sesongbetont arbeidsstad, understrekar han.

GODT SAMARBEID

Helge Rasmussen skryt over samarbeidet med Bokn kommune. - Det har vore ein god dialog mellom kommunen og selskapet. Me har fått ei fornuftig tilnærming når det gjeld utvidingsbehov og endringar som har vore nødvendige ettersom etterspurnaden etter varene våre har auka og produksjonslokala har blitt for små.

AVHENGIG AV SJØVEGEN

Både HighComp og Bokn Plast er strategisk plasserte nede ved Boknafjorden, og Rasmussen understrekar at dei er avhengige av sjøtransporten for å frakta dei store komponentane ut til kundane. På grunn av storleiken på deksla til undervannsinstallasjonane er det kun mogleg å frakta til sjøs.

Produksjonen av deksel til undervannsinstallasjonar er sesongbetont og HighComp er avhengig av utanlandsk arbeidskraft i produksjonen. Laimius frå Litauen (t.b) er fast tilsett i HighComp, medan store delar av arbeidstokken er innleigd frå prosjekt til prosjekt. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)



Både komponentar frå Bokn plast og HighComp vert frakta via sjøvegen. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

BOKN



Populært kvalitetskjøt

Pølsene ein får i kiosken ved ferjeleiet i Arsvågen er ikkje som andre pølser. Dei er lokalproduserte kvalitetsspølser av Aberdeen Angus storfe.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Arsvågen Kro og Gardsmat har sidan 2003 hatt kafe og gardsmatutsal på kaien der ferja går over til Mortavika. Frå butikken kan ein ta med seg eit spekter av Angus-produkt. Her får du kjøtdeig laga berre av reint kjøt, tre lokale pølsevariantar, kalla Arsvågen spesial, Arsvågen chili og Arsvågen Angus, samt eigen produksjon av spekemat. Men det det går mest av, er edlare kjøtvarer som t-bein, indrefilét, ytrefilét og entrecote, fortel Lillian Walland. Ho er dagleg leiar av føretaket, som også driv med keitering og selskapslokale.

DOBLA OMSETNADEN

- Det går veldig bra med salet, fortel Walland nøgd. - Vi dobla faktisk omsetnaden på kjøt frå 2005 til 2006, og vi har så stor etterspurnad at vi innimellom har måtta ta inn kjøt frå andre produsentar.

Men stort sett er dei sjølvforsynte. Fire av dei fem aksjonæra i selskapet produserer anguskjøtet dei sel.

Kundane er oftast dei som tilfeldigvis kjem innom mens dei ventar på ferja. Men folk kjem også køyrande eins ærend heilt frå både Haugesund og Karmøy for å kjøpe kjøt.

SATSAR PÅ KVALITET

- Grunnen til at det går så godt, er at vi satsar på kvalitet, meiner Walland. - Dyra våre er utelukkande reinrasa Aberdeen Angus, dei blir slakta når dei er mellom



På Arsvågen Kro og Gardsmat får du mellom anna kjøpt kjøtmat av Aberdeen Angus storfe. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

100 og 220 kg, og er aldri meir enn 1 1/2 år gamle når dei blir til kotelettar, pølser og kjøtdeig. Vi har dessutan spesialavtale om at kjøtet blir hengt i 2-3 veker slik at det skal bli skikkeleg mørt, forklarar ho.

Aberdeen Angus har, som namnet seier, opphavet sitt nordaust i Skottland. No er dei spreidd over heile kloden, og

har etterkvart blitt verdas mest talrike kjøttferase.

I butikken tar dei også inn varer frå andre produsentar og gardsbutikker dei samarbeider med. Ein finn mellom anna

såper, krydder, urte-te, lefser, syltetøy, sirup, honning, skinnvarer og lokale husflidsprodukt. Men det er altså dei svarte, hornlause dyra som er kjernen i føretaket og nøkkelen til suksess.

Middag med eigne råvarer



I tillegg til utsal av råvarer av Aberdeen Angus storfe serverer Arsvågen Kro og Gardsmat middagar der dei nyttar eigne råvarer til søndagsmiddag. Sosakjøt og oksesteikmiddagar på søndagar. Torsdagen er det komledag på kroa ved ferjeleiet.

- Det plar å vera fullt opp med middagsgjester desse dagane, seier Hilde Jøsang, - Og mange kjem att kvar

Grillpølser og godt biffkjøt av Aberdeen Angus storfe er populære produkt i såvel grillsesong som resten av året. -Folk kjem langveisfrå for å kjøpa mørt kjøt, seier Hilde Jøsang ved Arsvågen Gardsmat på Bokn. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

veke. Hilde jobbar fast på Arsvågen Kro og Gardsmat, der Lillian Walland er dagleg leiar. Bedrifta leiger og ut møtelokaler i andre etasje og tek i mot bestilling av både smørbrød og middag.

Notis

Kong Olav til kysten

Kunstnar Knut Steen er i desse dagar på tur hjå dei ni kystkommunane som har meldt si interesse for statuen av kong Olav V. – Romantisk attmed havet, seier kunstnaren til NRK.

Etter at Oslo kommune takka nei til kunstverket, har mange kommunar rundt om i landet synt interesse for å kjøpe Olav-statuen. Knut Steen seier til NRK at han vil statuen skal stå der han tek seg best muleg ut, og at det hadde vore fint viss den kunne stå attmed havet. Dermed er det ni kystkommunar som er aktuelle for å ta i mot den over sju meter høge skulpturen. Steen skal derfor i desse dagar dra sjøvegen for å sjå dei ulike kystkommunane an.

Det var hausten 2006 at Oslo kommune bestemte at dei likevel ikkje ønska å kjøpe statuen dei hadde tinga av Steen seks år tidlegare. Kommunen hadde då allereie brukt 2 millionar på statuen, men dei meinte han ikkje svarta til forventningane om kongeleg vørndnad og folkeleg nærleik.



«...Dei middelaldrande kulturmenneska har adresse Oslo 2 eller 3, solid inntekt, liberale og tolerante haldningar, og bokhyllene fulle av vesentlege litterære verk, alternativt lesestoff, og bøker med rosa omslag og titlar som «Femi, frodig, fresk, flott, frimodig og førti», «Bare du er du», «Les deg inn i ditt eget selvbilde» «Psykisk massasje for nybegyn- nere» og «Yoga i heimen».

Dei middelaldrande kulturmenneska har for mykje pengar og for mykje fritid. Derfor viser dei stor interesse for det alternative; slikt som japansk punktmassasje, tibetanske urtekurar eller workshops der dei betaler 1 500 kroner for å høyre ein person med rar tittel og svevande formuleringar fortelje dei at dei skal kjenne på fargane inni seg...»

«Absolutt Oslo»
Det Norske Samlaget, Oslo 1994

Are Kalvø har gleda oss mange gonger med sine skarpe observasjonar og har like mange gonger tatt tak i fordome våre og fått oss til å sjå oss sjølve med nye auger. I tillegg er han ein aktiv nynorskbrukar og eit godt førebilete for alle oss som vil at nynorsk framleis skal vera eit levande språk.

Grunnlaget for danninga av språket vert lagt i ung alder. Ved å vera gode rollemodellar og bruke nynorsk som skriftspråk, greier vi kanskje å fostre nye, gode og medvitne språkmenneske som Are Kalvø.



Garborg til alle

Jæren ønsker seg eit Arne Garborgsenter. Senteret har så langt verken pengar eller planar, men det vantar ikkje på visjonar. I 2009 skal det vere på plass.

TOYNI TOBEKK

Det jæruben vil, får han til, seier folk i Stavanger. Det kan kome vel med for eit jærsk prosjekt som per i dag verken har utarbeidd ei projektskisse eller søkt om midlar.

DET HASTAR

130 representantar frå næringsliv, mål-rørsle, presse og kulturorganisasjonar var denne veka med på eit avspark for det planlagde Garborgsenteret på Bryne og fekk der vere vitne til ei oppvising i optimisme og pågangsmot av dei sjeldne. At det trengst, er det liten tvil om, for prosjektet har berre tida og vegen.

- Me skal vere på plass i 2009, fortalde Trond Lie, prosjektleiar for Nasjonalt Garborgsenter. Senteret har opsjon på areal i eit planlagt næringsområdet og Lie var klår på at prosjektleinga ville hive seg rundt og få ting gjort.

PLASSEN ER BESTEMT

Visjonane for eit Garborgsenter er at det skal bli eit formidlingsenter av



Satssekretær Randi Øverland og prosjektleiar for Nasjonalt Garborgsenter, Knut Lie, oppmoda einannan om å setje dampen opp for å få senteret på plass til 2009. (Foto: Toyni Tobekk)

nasjonalt format og at det skal utfylle Garborgmusea som allereie finst i Asker, Kolbotn og på Knudaheio. Senteret skal samlokalisert med folkebiblioteket og den påtenkte nye vidaregåande skulen på Bryne. Det til tross for at Garborg-museet i Asker helst såg at Garborgsenteret kunne blitt eit frittstående signalbygg i staden for ein del av ein stor næringspark.

IKKJE TRENÈR

- Lokaliseringsdiskusjonar er eit av dei momenta som er med og øydelegg for gode prosjekt og drar dei ut i tid, meinte Trond Lie og poengterte at lokaliseringa

er ein av dei få tinga som ligg fast i prosjektet.

- Garborgsenteret skal liggje saman med biblioteket, det er bestemt.

SPISSE GARBORG

Garborg var altså jærbu. Han var dessutan europear, sosialist, økofilosof, fritenkjar, journalist, liberalist, feminist, målmann, sosialøkonom - og han var forfattar. Det var stor semje under avsparkkonferansen om at ein må gjere eit utval og bestemme seg for kva for ein Garborg ein vil satse på.

- Det er og viktig å satse på det virtuelle garborg.no for å kunne verke for heile nasjonen, peika prosjektleiaren på.

SAMHANDLING MÅ TIL

I 2001 gjekk Garborgåret av stabelen. I ettertid har Time mållag pusla med tanken om eit nasjonalt senter, og mållaget fekk mykje av æra på avsparkkonferansen for at Garborgsenteret no har kome ut av tenkjeboksen og opp i dagen. Men samhandling må til viss senteret skal realiserast, det understreka Kultur- og kyrkjedepartementet som var representert ved satssekretær Randi Øverland.



Du kom til jordo med alt for stutte bein.

di nådde aldri heilt ned.

Frå "Løktastolpefrø" - 1975

av Ingvar Moe som ville ha vore 70 år i 2006

- Skal ein få ut friske midlar og på sikt faste løyvingar over statsbudsjettet, må ein tenkje samarbeid og samanslåing.

Øverland ønska å la prosjektet sjølv vurdere kven det er aktuelt å samhandle med, men det låg nokså i dagen at eit samarbeid med til dømes Jæren Museum vil vere naudsynt. - Dessutan må prosjektet stå seg godt lokalt, uansett kor regionalt og nasjonalt ein tenkjer.

FÅ MED HULDA

Eit nasjonalt Garborgsenter skal ikkje berre ha plass til Arne. Også Hulda Garborg må synast att, både i form av tekst, husflid og mat, er prosjektleinga si klare mening.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.


Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no



Tradisjon – og fornying



HOTELL



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen
Tlf.: 55 33 50 00
Faks: 55 23 49 50

E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no